



Mandat for styringsgruppa i prosjektet *Sogn for alle*

1. Styringsgruppa vert sett saman for å ivareta at *Sogn for alle* bidreg til nærings- og samfunnsutviklinga i kommunane. Sogn regionråd er prosjekteigar og tek ansvar for rekruttering og etablering av prosjektorganisasjonen.
2. Sogn regionråd vel ein av ordførarane til å leie styringsgruppa. Prosjektleiari er sekretær for styringsgruppa. Prosjektleiari har saman med dagleg leiar i Sogn regionråd ansvar for å drive fram og koordinere dei ulike tiltaka i prosjektet. Dagleg leiar deltek på styremøta.
3. Sogn regionråd inviterer personar til styringsgruppa. Representantar vert normalt valde for to år.
4. Styringsgruppa rapporterer til Sogn regionråd som folkevald styringsorgan. Sogn regionråd godkjenner handlingsplan, årsmelding og budsjett.
5. Styringsgruppa har eit overordna ansvar for prosjektet og prosjektresultata. Viktige oppgåver for styringsgruppa er å:
 - a) ta initiativ til og byggje opp under utviklingsprosessar
 - b) informera og forankre i eigen organisasjon
 - c) bringe eigne relevante satsingar inn til drøfting i styringsgruppa
 - d) vera pådrivar for å nå måla i prosjektplanen
 - e) bidra til å koordinera tiltak i styringsgruppa og eigen organisasjon.
 - f) bidra til å synleggjere arbeidet i prosjektet
6. Det vert utpeika ansvarlege frå styringsgruppa for dei fem arbeidspakkane (arbeid, språk og samfunn, utdanning, bustad og fritid og familie). I samarbeid med prosjektleiari har dei ansvar for å sikre utvikling, aktivitet og synleggjering av arbeidet innanfor arbeidspakkane.